

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: måndag 30. januar 2023
Tid: kl. 17.00
Sted: Sveio kommunehus, kommunestyresal
Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 979 eller
e-post: post@kontrollutvalgene.no

Medlem som må melde forfall eller meiner seg ugild, må gi melding om dette så tidleg som råd er. Varamedlemmer vert innkalla særskilt. Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt internt. Sakskartet elles vil bli lagt ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no.

Saksliste:

- 1/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 21.11.22
- 2/23 Tinging av forvaltningsrevisjon - «Pleie og omsorg»
- 3/23 Forvaltningsrevisjonsrapport - «Planarbeid i Sveio kommune»
- 4/23 Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2022
- 5/23 Referat- og orienteringssaker 30.01.23
- 6/23 Revidert møteplan for 2023 – kontroll- og kvalitetsutvalet

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 23.01.23

Arne Valen
Utvallsleiar

Odd Gunnar Høie
dagleg leiar/utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	30.01.23	1/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 21.11.22

Sekretariatet sitt forslag til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 21.11.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: Protokoll frå møtet 21.11.22

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 21.11.22 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt medlemma og kommunen slik han ligg føre.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 23.01.23

Odd Gunnar Høie
Daglig leder/utvalssekretær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **21. november 2022** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Arne Valen.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl.18.00 – kl. 19.55
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Valen (Sp), Per S. Wathne (Krf), Solfrid Aasen (Sp) og Gustav Eidsvåg (Frp)
MØTANDE VARAMEDLEM:	Andreas Bårtvedt (H)
FORFALL:	Marit Elise Lier (Ap)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø og seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON IKS MØTTE:	Rekneskapsrevisor Jeanette Sømnes
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Konst. rådmann/kommunalsjef Ingunn Toft
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Linn Therese Erve
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKSLISTE:	Ingen.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 27/22 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 19.09.22

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 19.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.22:

Utvalet hadde ingen merknader. Utvalsleiar framheva at orienteringa var særst informativ.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.22:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 19.09.22 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 28/22 ORIENTERING OM NOKRE AV KOMMUNEN SINE EKSTERNE PROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek konst. rådmann Ingunn Toft si utgreiing om nokre av kommunen sine eksterne prosjekt til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.22:

Konst. rådmann Ingunn Toft viste til at kommunen har mange prosjekter med ekstern finansiering, men at hun hadde valt ut tre større prosjekt innan områda: oppvekst, helse og omsorg og utvikling.

Prosjektet Hallo - Adjø

Hensikta med prosjektet er at ein skal utvikle eit system for overgang mellom barnehage, skule og SFO som kjem alle barn til gode. Fylkeskommunen bidrar med 3,7 mill. kr over 4,5 år. Oppstart var våren 2021 og det vil vare ut 2025. Det skal lagast eit heilskapleg system med tverrfagleg samarbeid og involvering av foreldre. Det er laga overgangsplanar, etablert nettverk for alle tilsette, utarbeida brosjyrar ved helsestasjon og skulehelsetenesta, etablert opne besøksdagar, storforeldremøte v/skulestart og det vil bli etablert «skuleklubb». Det viktigaste er å skape relasjonar og trygge barna gjennom kvalitetssikring av aktiviteter i overgangsfasen. Sveio kommune arbeidar etter BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats for barn og unge).

Utvalsleiar var stolt over at Sveio kommune er med på dette prosjektet og håpa på stor overføringsverd til andre kommunar.

Prosjektet TIBIR

Tidlig Innsats for Barn i Risiko er eit kommunalt førebyggings- og behandlingsprogram som er støtta av statsforvalter i Vestland med tils. 2,6 mill. kr. Programmet er i 100 kommunar og utbreiinga er aukande. I Sveio det blitt utdanna tre tilsette, og dei tre kjem frå barnehage, spes,team og skulehelsetenesta. To er no sertifisert som PMTO-terapeutar og den tredje er snart ferdig. Dei skal igjen lære opp andre til å vere foreldrerådgevarar. PMTO (Parent Management Training Oregon) er eit behandlingstilbod til familiar med born som vise teikn til åtferdsvanskar i alder 3-12 år. Programmet er delt inn i seks ulike tiltak som vert skreddarsydd for kvar familie. Teamet har månadlege møte og dei fordeler sakene mellom seg. Dei opplever jamleg tilgang på saker frå psykisk helseteneste, helsestasjon/skulehelsetenesta, barneverntenesta, PPT, BUP og skule/barnehage

Utvalsleiar framheve spesielt at det var bra at det var blitt satsa på tre tilsette. Konst. rådmann var samd i det, og meinte kommunen var på god veg, men dei alltid kan bli betre.

Prosjektet Breiband i Sveio

Ho viste til historikk til utbygging av breiband. Det blei installert breiband i kommunale bygg i 2005. Det blei utbygd breiband sør i Sveio, Sveio sentrum og Førde sentrum innan 2012. Det vart satsa på private hus og næring frå 2012 mellom anna Liareid 2014, Rød-Auklandshamn-Buavåg, Vestvik, Fagerland, Valevåg-Einstabøvoll 2014, Tittelsnes 2015 og Lis-Fjon-Vågafeltet 2016. Sveio fekk 2 mill.kr i tilskot over 4 år med lik eigenfinansiering. Sveio kommune har fått tilskot gjennom fleire omgangar sidan. Det blei tildelt 7,95 mill.kr i 2020 (avsett 2 mill. kr og tilsvarande 25 % eigenfinansiering) for utbygging Åsbø-Kinn, Apeland-Dunjo, Nordskog-Grimstvedt-Færås-Rossehaug, Håvardsholm-Bjørga-Buvika, Vigdarheim, Flatnesvegen.

Sveio kommune har over fleire år bidrege til utbygging av breiband som ikkje har vore kommersielt rekningsvarande å byggje ut. Det blei i 2022 inngått avtale med Haugaland Kraft om utbygging av fire nye område. I denne konkurransen var det to område som det ikkje var midlar til å byggje ut. Kommunen søkte om ytterlegare støttemidlar frå Vestland fylkeskommune. Kommunen fekk kr 8,550 mill. kr med føresetnad om kommunalt bidrag på 2,85mill kr.

I utbyggingsområda Nordskog, Grimstvedt, Færås, Rossehaug og Håvardsholm, Bjørga, Buvika har innbyggjarane problem med å delta i den digitale kvardagen. Desse områda er meir krevjande å få til økonomisk enn tidlegare utbyggingar.

Medlemmar i utvalet peika på at det var viktig at alle husstandar i Sveio får tilgang på digitale løysingar i ei tid samfunnet er blitt heildigitalisert. I område med få bustader blei det føreslått bruk av mobilt breiband i staden for fiberteknologi.

Utvalsleiar takka for gode orienteringar.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek konst. rådmann Ingunn Toft si utgreiing om nokre av kommunen sine eksterne prosjekt til orientering.

SAK 29/22 VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT I 2023

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber revisor om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet ”.....” eller eigarskapskontroll til neste møte på nyåret 2023.

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.22:

Utvalsleiar innleia. Han gjorde framlegg om at utvalet burde velje eit prosjekt innan «*pleie og omsorg*». Dette temaet er blant prosjekta i vedtatt plan.

Han delte ut eit notat til nytt forvaltningsprosjekt «*Pleie og omsorg, effektivisering, kvalitet og forbetring*» kor valet var grunna i fakta frå siste tertialrapport, spørsmål frå eldrerådet om søknads- og klagepraksis og pårørandeforeninga si uro om det no er høgare terskel for sjukeheimsplass. Han meinte formålet var å finne ut om kommunen driv effektivt og forsvarleg. Han hadde formulert fleire problemstillingar som handla Sveio Omsorgssenter og heimetenesta, om kvalitet, bistandsbehov, førebygging og samhandling mellom ulike instansar.

Utvalet støtta hans framlegg til tema, då dei mente dette var eit viktig område og mange innbyggjarar er uroleg for om tenestetilbodet er på rett nivå. Ut frå timeramma for forvaltningsrevisjon meinte sekretær og revisor at mandatet måtte bli meir spissa, men at framlagd notat er grunnlag for Rogaland Revisjon si utarbeiding a framlegg til mandat til neste møte.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber revisor om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt innan «Pleie og omsorg» til neste møte på nyåret 2023

Utvalet har følgende innspel til tema/problemstillinger:

- *Moglege effektivisering- og forbedringstiltak innan Sveio Omsorgssenter og Heimetenesta. Tiltak for å redusera høgt sjukefråvær.*
- *Kvalitet. Vurdering av forsvarlegheit. Kvalitetssikring av søkeprosess.*
- *Bistandsbehov. Identifisere høge trinn i omsorgstrappa. Demens-behov*
- *Førebygging. Velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering*
- *Samhandling. Pårørande, Frivilligheita, Dagsenter. Spesialisthelsetenesta (Helse Fonna)*

SAK 30/22 MØTEPLAN FOR 2023 – KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2023:

måndag 30. januar, 15. mai, (19. juni), 18. september og 20. november.
Møtestart kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.22:

Utvalet slutta seg til framlegget slik det var lagd fram. Solfrid Aasen opplyste at ho var bortreist 30.01.23. 1.vara Andreas Bårtvedt merka seg det og stiller.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtar følgjande møteplan for 2023:

måndag 30. januar, 15. mai, (19. juni), 18. september og 20. november.
Møtestart kl. 17.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato når det er naudsynt.

SAK 31/22 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 21.11.22

49. Statusrapport pr. november 2022
50. Komm.styrevedtak 26.09.22, sak 80/22 - Oppfølging av rapport «Tilpassa opplæring »
51. Komm.styrevedtak 31.10.22, sak 98/22 – SIM IKS – Endring i selskapsavtalen
52. Løypemelding om forvaltningsrevisjon om «Planarbeid» - tinga 31.01.22, sak 3/22
53. Innkalling til ekstr.ord. generalforsamling 26.10.22 kl. 10 – Haugaland Kraft AS
54. Innkalling til representantskapsmøte 23.11.22 – Haugaland brann og redning IKS
55. Innkalling til representantskapsmøte 09.12.22 – Haugaland Vekst IKS
56. Komm. Rapport 03.10.22 – Bernt: Kan forfall til et fysisk møte erstattes med deltakelse på Teams?
57. KS Folkevalgtprogram 2019-2023 Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll
58. Oppsummering og rapport frå FKT sin Kontrollutvalsleiarskule 24.-25.10.22 Gardermoen v/utvalsleiar

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.22:

Sekretær gjekk gjennom sakene. Utvalsleiar etterlyste skriftleg tilbakemelding om arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet. Han informerte frå si deltaking på leiarsamlinga i haust, som han fann særst gjevande. Han oppmoda fleire til å reise på konferansar. Neste er NKRF sin kontrollutvalskonferanse 31.01.-01.02.23, kor påmeldingsfrist er i desember.

Vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 21.11.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 49 – 58 til orientering.

YMSE**Siste møtet for Hallsjø**

I høve at det var siste møte for sekretariatsleiar Toril Hallsjø som møtesekretær, etter snart 15 år og 71 møte for Sveio, overrekte utvalsleiar blommar og bok frå Sveio kommune. Han takka henne for hennar arbeid i sekretariatet opp mot utvala i dei siste fire valperiodane og deira samarbeid med han som nestleiar og leiar i denne perioden, og ønskte ho lykke til som pensjonist på nyåret.

Dagleg leiar takka og informerte at styret i HKS IKS har tilsett seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie som ny dagleg leiar. Som ny rådgjevar vil Sjur Kristian Hatlen byrje i stillinga medio januar.

Neste møte: måndag 30. januar kl. 17.00

Saker: Orientering om Karmsund Havn IKS, prosjektmandat for nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt innan pleie og omsorg og utvalet si årsmelding for 2022

Sveio/Aksdal, 21. november 2022

Arne Valen
kontroll- og kvalitetsutvalsleiar

Toril Hallsjø
utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	30.01.23	2/23

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJON - PROSJEKTMANDAT – «PLEIE OG OMSORG»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tingar forvaltningsrevisjonsprosjektet «Pleie og omsorg» i tråd med prosjektmandatet av 22.12.22 frå Rogaland Revisjon IKS.

Ramma vert sett til 250 timar.

Vedlegg: Prosjektmandat - «Planarbeid – Sveio kommune» - desember 2022

Saksorientering:

I møtet 21.11.22, sak 29/22 bad Sveio kontroll- og kvalitetsutval Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat innanfor temaet Pleie og omsorg til neste møtet. Utvalet gjorde følgjande vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber revisor om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjekt innan «Pleie og omsorg» til neste møte på nyåret 2023

Utvalet har følgjande innspel til tema/problemstillingar:

- *Moglege effektivisering- og forbetringstiltak innan Sveio Omsorgssenter og Heimenesta. Tiltak for å redusera høgt sjukefråvær.*
- *Kvalitet. Vurdering av forsvarlegheit. Kvalitetssikring av søkeprosess.*
- *Bistandsbehov. Identifisere høge trinn i omsorgstrappa. Demens-behov*
- *Førebygging. Velferdsteknologi og kvar dags rehabilitering*
- *Samhandling. Pårørande, Frivilligheta, Dagsenter. Spesialisthelsetjeneste (Helse Fonna)*

Prosjektmandatet blei motteke av sekretariatet 22.12.22.

Bakgrunn

Temaet er sett opp blant dei uprioriterte tema i Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024, som vart vedteken i kommunestyret 02.11.20, sak 114/20. Planen byggjer på risiko- og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2020.

Dei siste åra har rammeområdet pleie og omsorg hatt eit betydeleg meirforbruk. Etter rådmannen si vurdering må kommunen anten auke terskelen for å få plass på senteret, eller auke den økonomiske ramma til rammeområdet, eller ein kombinasjon av desse.

Føremål og problemstillingar

Revisor foreslår i det vedlagte utkast til prosjektmandat at føremålet med prosjektet vil vere å undersøke i korleis Sveio kommune arbeidar for å nå målet om at brukarane av pleie- og omsorgstenester skal kunne bu lengst mogleg heime.

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

- *Kva er status for førebyggjande og rehabiliterande tiltak i Sveio kommune?*
- *Korleis er det lagt til rette for at dei tilsette skal kunne verkeleggjere målet om meir førebygging og rehabilitering gjennom opplæring, leiing og ressursar?*
- *I kva grad er det organisatoriske og finansielle utfordringar som svekker implementeringa av Leve heile livet-reforma? Av dette:*
 - *Korleis fungerer samhandling og koordinering mellom dei ulike tenestene/tilboda?*
- *I kva grad oppnår Sveio kommune å realisera målet om at fleire brukarar av pleie og omsorg kan ha eit aktivt liv og klare seg sjølv best mogleg?*

Dette prosjektet blir avgrensa til å omhandla heimetenestene, altså dei tenestene som er viktige for å sikre mest mogleg sjølvhjelpne eldre. Det vil i all hovudsak seie heimesjukepleia, i samarbeid med andre aktuelle tenester som for eksempel fysio- og ergoterapi, kvardagsrehabilitering, dagsentertilbod og/eller helsestasjon for seniorar.

Sjå nærare om mandatet i vedlagt prosjektmandat.

Ressursbruk

Slik prosjektet nå ligg føre er det estimert ein ressursbruk på 250 timar. Det inkluderar førebuing, utarbeiding av prosjektmandat, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse og utarbeiding og kvalitetsikring av rapport.

Revisjonen vil starte med prosjektet i vår, og vil venteleg levere rapport innan utgangen av 2023. Kontroll- og kvalitetsvalet må før endeleg tinging ta stilling til om dei foreslåtte problemstillingane dekkjer det utvalet ønskjer å oppnå med prosjektet.

Aksdal, 23.01.23

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalgssekretær

PROSJEKTMANDAT

Pleie og omsorg

Sveio kommune, 2023


BAKGRUNN

Kontrollutvalet i Sveio bestilte i møtet 21.11.2022 om eit utkast til prosjektmandat for gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon om «Pleie og omsorg».

Dei siste åra har rammeområdet pleie og omsorg hatt eit betydeleg meirforbruk. Rådmannen finn det ikkje mogleg å tilføre rammeområdet midlar i den storleiken som svarar til meirforbruket: «*Ramma må aukast, samtidig som det må arbeidast med å ta ned kostnadene, i all hovudsak ved å redusera tenesteproduksjonen*». ¹ Det blir blant anna vist til at den økonomiske ramma for Sveio omsorgssenter truleg er stor nok til å ta hand om 33 bebuarar, mens senteret den seinaste tida har hatt om lag 40 bebuarar. Etter rådmannen si vurdering må ein anten auke terskelen for å få plass på senteret, eller auke den økonomiske ramma til rammeområdet, eller ein kombinasjon av desse.

Figuren under visar at Sveio har ein høg dekningsgrad på institusjonsplassar samanlikna med andre kommunar:

Figur 1: Dekningsgrad – plassar i institusjon i prosent av innbyggjarar 80 år og eldre




Kjelde: Framsikt

¹ Budsjett og økonomiplan 2023-2026

Dei siste åra har talet på innbyggjarar i dei eldre aldersgruppene vore relativt stabil (sjå figur under). Dei yngre eldre har blitt betydeleg fleire, mens det til nå ikkje har vore ei tilsvarande auke i dei øvste aldersgruppene.


Figur 2: Utvikling i eldrebefolkninga i Sveio 2013-2022



Kjelde: SSB

Befolkningsprognosen for Sveio fram til 2035 viser derimot eit anna bilde:

Figur 3: Befolkningsprognose for Sveio frå 2023 til 2035



Kjelde: SSB

Prognosen viser ein markant auke i innbyggjarar mellom 80 og 89 år, 125 prosent på 12 år. I budsjett og økonomiplan 2023-2026 peikar kommunen på at det må reknast med at det blir stadig fleire personar i kommunen med trong for bistand frå kommunen.

Det er derfor viktig for kommunen og lykkas med å førebygge uhelse og framtidige behov for pleie- og omsorgstenester. I budsjett og økonomiplan 2023-2026 blir kvardagsmeistring og god rehabilitering framheva som viktig for å møte den venta auke av eldre personar i kommunen. Kommunen har allereie satt i verk tiltak i tråd med reforma «Leve heile livet»², men det blir framheva som ein utfordring for kommunen å framover gi målretta tenester til brukarar slik at ein kan bu lengst mogleg heime. Dette prosjektet vil derfor ta utgangspunkt i kommunens mål om at «brukarane skal kunne bu lengst mogleg heime på ein trygg og god måte».³

Grunntanken i reforma er å utvikle den kommunale helse- og omsorgstenesta på ein slik måte at den i større grad støtter eldre menneske i å leve eit aktivt liv med høg grad av eigenomsorg. Tiltak i tråd med reforma går ut på å gjere det lettare for brukarar å leve med sjukdom og/eller funksjonssvikt, slik at dei kan bu heime lengre.

Arbeidet med å vri aktuelle tenester over i ein meir helsefremmande og førebyggjande retning kan vere utfordrande, all den tid verkeleggjering av reformas mål krev kompetanseheving, kulturendring og implementering av nye arbeidsmåtar i etablerte tenester. Samhandling på tvers er viktig for å kunne realisere positive gevinstar for brukarane.

OPPDRAGET

<p><u>Bestilling:</u> Kontrollutvalet i Sveio kommune bestilte 21.11.2022 ein forvaltningsrevisjon om pleie og omsorg.</p>	<p><u>Problemstillingar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Kva er status for førebyggjande og rehabiliterande tiltak i Sveio kommune? • Korleis er det lagt til rette for at dei tilsette skal kunne verkeleggjere målet om meir førebygging og rehabilitering gjennom opplæring, leiing og ressursar? • I kva grad er det organisatoriske og finansielle utfordringar som svekker implementeringa av Leve heile livet-reforma? Av dette: <ul style="list-style-type: none"> ○ Korleis fungerer samhandling og koordinering mellom dei ulike tenestene/tilboda?
<p><u>Formål:</u> Formålet med prosjektet er å undersøke korleis Sveio kommune arbeidar for å nå målet om at brukarane av pleie- og omsorgstenester skal kunne bu lengst mogleg heime.</p>	

² Meld. St. 15 (2017-2018) *Leve heile livet – ein kvalitetsreform for eldre*

³ Budsjett og økonomiplan 2023-2026

- I kva grad oppnår Sveio kommune å realisera målet om at fleire brukarar av pleie og omsorg kan ha eit aktivt liv og klare seg sjølv best mogleg?

Om datamaterialet tilseier det, kan revisor gjere mindre justeringar av problemstillingane undervegs. Større endringar i problemstillingane må avklarast med kontrollutvalet.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er element som inneheld krav eller forventningar, og vil bli brukt til å vurdera funn i dei undersøkingane som vert gjennomført. Kriteria skal grunngjevast i, eller bli utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området. I dette prosjektet kan følgjande kjelder vere aktuelle:

- Helse- og omsorgstenestelova
- Meld. St. 15 (2017-2018) *Leve heile livet – ein kvalitetsreform for eldre*
- Lokale mål, føringar vedtak

METODE

Dette prosjektet blir avgrensa til å omhandla heimetenestene, altså dei tenestene som er viktige for å sikre mest mogleg sjølvhjelpne eldre. Det vil i all hovudsak seie heimesjukepleia, i samarbeid med andre aktuelle tenester som for eksempel fysio- og ergoterapi, kvardagsrehabilitering, dagsentertilbod og/eller helsestasjon for seniorar.

Prosjektet vil bygga på dokumentanalysar av diverse rutinar, planar og statistikk. Gjennom datainnsamlinga vil vi kartleggje innhald og organisering av heimetenestene. Vi vil nytta tilgjengeleg statistikk til å få eit overblikk over føresetnadane for å lykkast med satsinga på førebygging og helsefremming, og kor langt kommunen har kome. Prosjektet vil òg forsøke å kartleggje kva type brukarar som mottar dei ulike førebyggjande tiltaka i kommunen.

Vi vil gjennomføre intervju med nøkkelpersonar i leiinga, for å få eit innblikk i korleis det blir arbeida med førebygging på strategisk nivå og viktige prioriteringar. Vidare vil vi intervjuar eit utval tilsette, for å kartleggje kva erfaringar dei har med førebyggjande tiltak, og dei ressurs-, kapasitet- og kompetansemessige føresetnader dei tilsette har for å realisera tiltaka. Det kan òg bli aktuelt å intervjuar brukarar/brukarrepresentantar. Dette vil bli tatt stilling til undervegs.

Vi har tidlegare gjennomført liknande forvaltningsrevisjonar i andre kommunar, for eksempel Gjesdal og Eigersund, og det kan bli aktuelt å nytta benchmarking som ein metode.

FREMDRIFTSPLAN

Førebuing og oppstart – våren 2023

Avslutting – innan utgangen av 2023

Føresetnaden for framdriftsplanen er eit tett samarbeid med kommunen og andre aktuelle.

PROSJEKTTEAM

Prosjektet blir gjennomført under leiing av oppdragsansvarleg og leiar for forvaltningsrevisjon Silje Nygård.

Om behov kan og andre ressursar i Rogaland Revisjon blir brukt.

OMFANG

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analysar og rapportering er 250 timar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontroll- og kvalitetsutvalet	30.01.23	4/23
Kommunestyret	20.02.23	
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET - ÅRSMELDING 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval godkjenner årsmelding for 2022 slik den ligg føre (med evt. endringar/tillegg).

Innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tek kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding 2022 til orientering.

Vedlegg: utkast til årsmelding for 2022

Saksorientering:

I følgje kommuneloven § 23-5 skal «*kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret*».

Utkast til årsmelding for kontroll- og kvalitetsutvalet si verksemd i 2022 følgjer vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2022 og gir eit samandrag av dei hovudsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering.

Årsmeldinga vil bli lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontroll- og kvalitetsutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida og så ettersendt.

Aksdal, 23.01.23

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

KONTROLL- OG KVALITETSUTVALET

ÅRSMELDING 2022



SVEIO KOMMUNE

INNLEIING

Kontroll- og kvalitetsutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp drøfta, og handsama i 2022.

I følgje kommunelova § 23-5 skal ”**kontrollutvalet rapportere resultatane av sitt arbeid til kommunestyret**”.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit *lovpålagt* organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av selskapa som kommunen eig eller er deleigar i. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og der er ei eige forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og legg fram si innstilling til dette. Kontrollutvalet har eige reglement, vedteken av kommunestyret fyrste gong i 2012 og det blei revidert i 2020, som følgje av ny kommunelov.

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlem, og etter § 23-1 skal minst eit medlem veljast blant kommunestyret sine representantar. Tilsette i kommunen kan ikkje veljast til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem/varamedlem i andre utval, som har avgjerdsrett, eller vere i styret eller bedriftsforsamlingar, der kommunen har eigarinteresser.

2. MEDLEMMENE I UTVALET

Utvalet har for valperioden 2019–2023 følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar	Ole-Ørjan Hov (MDG)
Leiar	Arne Valen (Sp)
Nestleiar	Per S. Wathne (Krf)
Medlem	Solfrid Aasen (Sp)
Medlem	Gustav Eidsvåg (Frp)
Medlem	Marit Elise Lier (Ap)

Numeriske varamedlem:

1. Andreas Bårtvedt (H)
2. Bjørn Gerhard Huseby (Frp)
3. Hege Hobberstad Vigre (Sp)
4. Randi Skimmeland (Ap)
5. Olav Østebø Olsen

Ole-Ørjan Hov søkte fritak som leiar av kontrollutvalet i 2022. Kommunestyret valde Arne Valen til ny utvalsleiar i møtet 21.02.22. Utvalsleiar er utvalet sin kommunestyrepraesentant.

Utvalsleiar har møte- og talerett i kommunestyret, når utvalet sine saker blir handsama. Han kan overlate denne retten til andre medlem i utvalet.

Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Ho har møtt/delteke på eit av fem møte. Rådmannen har ikkje møterett, men kan bli invitert/kalla inn av utvalet. Han møtte på junimøtet. Konstituert rådmann Toft eller ass. rådmann/økonomisjef Lura har delteke på dei andre møta. IKT-leier og personombod møtte i mai, og kommunalsjef Nygaard i juni.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider (www.kontrollutvalgene.no). På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

3. UTVALET SIN AKTIVITET I 2022

Kontroll- og kvalitetsutvalet har i 2022 hatt **5** møte, fordelt på tre om våren og to på hausten. Utvalet har opne møte, men dei skal eller kan vedta lukking når dette er heimla i lov. Utvalet held sine møte i kommunestyresalen i rådhuset.

Utvalet har i 2022 hatt **31** saker til handsaming der 4 av sakene er vidaresendt til handsaming i kommunestyret. **58** saker er blitt lagd fram til orientering. Samla oversyn over sakene følgjer som vedlegg til årsmeldinga.

Arne Valen deltok på Forum for kontroll og tilsyn (FKT) sin fagkonferanse på Kløfta i juni og «Kontrollutvalsleiaraskulen» i september.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalets oppgåve er å drive systemkontroll. Herunder ligg å sjå til at kommunen etterlever gjeldande lover og regler, når dei mål kommunestyret har sett og forvaltar ressursane på ein effektiv måte.

For å nå dette målet har kontrollutvalet innsyn i forvaltninga sine dokumenter og kan be om samtaler med rådmannen/administrativ leiing for kontroll med administrasjonen. Kontroll med det politiske nivået gjennomførast ved tilgang til alle politiske møte. Kontrollutvalet har også møterett om dørene er lukka – så sant det gjeld ein sak som gjeld kontroll og tilsyn.

Oppgåvene er knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap og rekneskap til kommunale føretak vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

